

Eksamen Høgskolen i Innlandet

2NO35-3 og 2NOL51-31 Språk og samfunn (årsstudium i norsk og lektor m/norsk) – 15 stp

Type: *Individuell heimeeksamen/innlevering (opplasting av fil) i Inspira*

Tid: *Torsdag 11. mai kl. 09.00 til fredag 12. mai kl. 12.00 (27 timar)*

Målform: Nynorsk (med mindre ein har fritak)

Formelle sider ved innleveringa

Gjer deg kjend med rutinane og retningslinjene for innleveringa:

<https://www.inn.no/student/eksamen/>

<https://www.inn.no/student/eksamen/hjemmeeksamen-innlevering>

Ved heimeeksamen er det ekstra viktig at ein er nøye med referansar og kjelder!

<https://www.inn.no/bibliotek/skrive-og-referere>

Alle oppgavesvara blir automatisk sjekka av plagiatskontrollsystemet Urkund, som sender melding til sensor om kor mange prosent i teksten som er identisk med andre tekstar.

Dersom du er usikker på reglane for plagiat, les her:

<https://www.inn.no/bibliotek/skrive-og-referere/unngaa-fusk>

Les også:

Forskrift om opptak, studier og eksamen ved Høgskolen i Innlandet

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet)

[98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet)

spesielt §8 om fusk.

Denne eksamenen er eit individuell heimearbeid. §8.1 definerer bl.a. «å ha deltatt i regelstridig samarbeid mellom eksamenskandidater eller grupper.» som fusk. Det står også eksplisitt: «Kandidater som forsettlig medvirker til fusk hos andre, ansees også for å ha fusk, uavhengig av eksamensform.», og: «Dersom det ved sensurering av individuell eksamen viser seg at to eller flere besvarelser klart bygger på samme originalarbeid, eller har samme opphavsmann, eller i stor grad har felles disposisjon eller materielt innhold, regnes det som fusk hos alle de involverte.»

Oppgaver på neste side

OPPGÅVER

Svar på to av oppgåvene nedanfor (1 + 2, 1 + 3 eller 2 + 3).

Både kortsvar og langsvar innanfor kvar oppgåve skal svarast på.

Oppgåve 1 – Språkhistorie

a) Kortsvar:

Nemn kort nokre grunnleggjande forskjellar mellom gammalnorsk (norrønt) og moderne norsk (bokmål/nynorsk/dialekter).

b) Langsvar:

Samanlikn språkstriden i Noreg på 1800-talet med språkstriden på 1900-talet, og trekk så linjer til dagens språksituasjon, der du drøftar dette med omsyn til skolen og/eller samfunnet.

Oppgåve 2 – Sociolingvistik og norsk som andrespråk

a) Kortsvar:

Gje eksempel på språklege trekk ved norsk som kan vere utfordrande for personar som lærer språket i vaksen alder.

b) Langsvar:

Drøft ulike tolkingar av omgrepet fleirspråklegheit, og gje eksempel frå den norske konteksten i ulike tidsperiodar.

Oppgåve 3 – Språkleg variasjon og nabospråk

a) Kortsvar:

Skildre fonologiske og morfologiske trekk i idiolekta di, og samanlikn med andre varietetar av norsk.

b) Langsvar:

Drøft moglege årsaker til at norske språkbrukarar har tradisjon for å vere reseptivt elastiske, medan danske og svenske språkbrukarar har tradisjon for å vere produktivt elastiske.